

Jakob Stigsson Sunde og

Tage Tefre Kalstad

Jølstarvegen 3310

6843 Skei i Jølster

Skei i Jølster 31/05/23

Kunnskapsminister Tonje Brenna

Kunnskapsdepartementet

Kirkegata 18, 0032 Oslo

### **Meir praktisk arbeid i grunnskulen.**

Kjære kunnskapsminister Tonje Brenna.

Vi er nokre gutar i 9. klasse, som er einige om at det burde være meir praktiske fag i grunnskulen. Vi meiner at når du kjem til 8. klasse burde du kunne velje meir praktisk arbeid. Vi vil ha meir praktisk undervisning i grunnskulen.

Sånn som skulesystemet er den dag i dag, med masse teori og mindre praktiske fag får det oss til å føle oss meire dumme enn smarte, og det er vi ikkje. Dei praktiske faga er det sikkert vi som får til og klarer oss best i.

Vi lærer mindre fag når vi sit på ein stol og nesten sovnar og det gjer til at vi får kjeft av lærarane. Alt dette får oss til og ha mindre motivasjon og lyst til og gå på skulen og til å gjere skularbeid. Vi ser fram til og begynne på vidaregåande fordi vi får velje meir om vi får meir praktiske fag. Det er for seint for oss, fordi vi går snart på vidaregåande, men det kjem fleire etter oss.

Vi synest at vi burde ha meire praktiske fag fordi det er så slitsamt med berre teori heile dagane.

Beste helsing

Jakob Stigsson Sunde og Tage Tefre Kalstad